

KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/10/22

av 3. september 2002

**om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til madrassar,
og om endring av vedtak 98/634/EF(*)**

[meldt under nummeret K(2002) 3293]

(2002/740/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for. Vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak 98/634/EF av 2. oktober 1998 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til madrassar⁽²⁾, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga. Samstundes bør tidsrommet som dette vedtaket skal gjelde for, slik det vart lengt ved kommisjonsvedtak 2001/540/EF⁽³⁾, og definisjonen av produktgruppa, endrast.
- 5) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på fem år.
- 6) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 98/634/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst 18 månader, slik at føretak som har fått tildelt eller har søkt om å få tildelt miljømerket for produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.

8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må ein madrass høyre inn under produktgruppa «madrassar» slik det er definert i artikkel 2, og sette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

1. Produktgruppa «madrassar» skal omfatte:

- a) madrassar slik det er definert i nr. 2,
- b) lateksskum til bruk i madrassar,
- c) polyuretanskum til bruk i madrassar.

2. «Madrassar» tyder produkt som har ei overflate meint til å sove eller kvile på, som er laga av eit tjukt stofftrekk fylt med ulike materiale, og som kan plasserast i ei sengeramme med botn.

Produktgruppa omfattar òg rammemadrassar med springfjører, som vert definerte som ein polstra sengebotn som er laga av fjører dekte med fyllmateriale, og som er plassert på ei stiv ramme som skal kunne setjast inn i ei sengeramme eller nyttast frittstående saman med ein overmadrass som ikkje er meint for bruk aleine.

Produktgruppa omfattar ikkje luftmadrassar og vassmadrassar.

Artikkel 3

For administrative føremål vert produktgruppa «madrassar» tildelt kodennummeret «014».

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 236 av 4.9.2002, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/2006 av 28. april 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 34 av 29.6.2006, s. 10.

⁽¹⁾ TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 302 av 12.11.1998, s. 31.

⁽³⁾ TEF L 194 av 18.7.2001, s. 50.

Artikkel 4

I vedtak 98/634/EF skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

«Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde fram til 31. januar 2004.»

Artikkel 5

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. september 2002 til 31. august 2007.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «madrassar», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. september 2002, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. januar 2004.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «madrassar», og som alt har søkt om å få tildelt miljømerket før 1. september 2002, kan få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 98/634/EF. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 31. januar 2004.

Artikkel 6

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 3. september 2002.

For Kommisjonen

Margot WALLSTRÖM

Medlem av Kommisjonen

VEDELEGG

MÅLSETJING

Føremålet med kriteria

Desse kriteria skal særleg:

- avgrense bruken av miljøskadelege sambindingar,
- avgrense mengda av giftige restar,
- fremje eit meir varig produkt.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av madrassar som har liten innverknad på miljøet.

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet stettar kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Prøvingsrapportar skal utarbeidast av uavhengige laboratorium (tredjemann). Det rette organet som vurderer søknaden, kan likevel i unntakstilfelle godkjenne prøvingsrapportar frå tilbørleg godkjende laboratorium hjå søkjaren.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller EN ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria vert stetta. (*NB*: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

NB: Det er definert særskilde kriterium for følgjande materiale: lateksskum, polyuretanskum, metalltråd og fjører, kokosfibrar, tre- og tekstilfibrar og stoff. Det er tillate å nytte andre materiale som det ikkje er fastsett særskilde kriterium for. Kriteria for lateksskum, polyuretanskum eller kokosfibrar treng berre vere stetta dersom det aktuelle materialet utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal gje utførlege opplysningar om samansetnaden av materiala i madrassane.

KRITERIUM

1. **Lateksskum**

NB: Dei følgjande kriteria treng berre vere stetta dersom lateksskum utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

a) **Tungmetall som kan ekstraherast**: konsentrasjonen av følgjande metall skal ikkje overstige følgjande verdiar:

antimon	0,5 ppm
arsen	0,5 ppm
bly	0,5 ppm
kadmium	0,1 ppm
krom (i alt)	1,0 ppm
kobolt	0,5 ppm
kopar	2,0 ppm
nikkel	1,0 ppm
kvikksølv	0,02 ppm

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter følgjande prøvingsmetode: Oppmaling av prøve som er ekstrahert i samsvar med DIN 38414-S4, L/S=10. Filtrering ved hjelp av 0,45 µm membranfilter. Analyse ved hjelp av atomemisjonsspektroskopi med induktivt kopla plasma (ICP-AES) eller med hydrid- eller kalddampmetode.

- b) **Formaldehyd:** konsentrasjonen av formaldehyd skal ikkje overstige 30 ppm målt etter standarden EN ISO 14184-1. Konsentrasjonen må ikkje overstige 0,01 mg/m³ ved prøving i prøvingskammer.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter prøvingsmetoden EN ISO 14184-1. Ei prøve på 1 g vert oppvarma med 100 g vatn til 40 °C i ein time. Formaldehyd i ekstraktet vert analysert fotometrisk ved hjelp av acetylaceton.

Prøvingskammer kan òg nyttast til måling av utsleppa: ENV 13419-1, med metoden EN ISO 16000-3 eller VDI 3484-1 for prøvetaking og analyse av luft. Prøva skal takast mindre enn ei veke etter framstillinga av skummet. Emballering av prøver: kvar einskild prøve skal vakuumpakkast i aluminiumsfolie og polyetylenfolie. Kondisjonering: Den emballerte prøva skal lagrast ved romtemperatur i minst 24 timar og deretter pakkast opp og overførast direkte til prøvingskammeret. Prøvingstilhøve: prøva skal plasserast i ein prøvehaldar slik at det kjem til luft på alle sider. Dei klimatiske faktorane skal vere slik det er definert i standarden ENV 13419-1. For jamføring av prøvingsresultat skal det spesifikke talet på luftvekslingar ($q = n/l$) vere 1. Luftvekslingstalet skal vere mellom 0,5 og 1. Prøvetakinga av luft skal startast 24 timar etter og avsluttast seinast 30 timar etter at kammeret er fylt.

- c) **Flyktige organiske sambindingar (VOC):** konsentrasjonen av VOC skal ikkje overstige 0,5 mg/m³. VOC er alle organiske sambindingar som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsvevne under dei særskilde brukstilhøva.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter følgjande prøvingsmetode: prøving i prøvingskammer (under dei same tilhøva som i kriterium 1 bokstav b) om formaldehyd) med DIN ISO 16000-6 for prøvetaking og analyse av luft.

- d) **Fargestoff, pigment og flammehemmande middel:** alle fargestoff, pigment og flammehemmande middel som vert nytta, skal stette dei tilsvarande kriterium (som er førde opp nedanfor) som er fastsette i kommisjonsvedtak 2002/371/EF av 15. mai 2002 om fastsetjing av miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilprodukt, og om endring av vedtak 1999/178/EF⁽¹⁾:

ureining i fargestoff

ureining i pigment

beisfarging med krom

azofargestoff

fargestoff som er kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonsgiftige

fargestoff som kan vere sensibiliserande

flammehemmande middel

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at desse stoffa ikkje er nytta, eller stette dei tilsvarande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2002/371/EF.

- e) **Metallkompleksfargestoff:** metallkompleksfargestoff som er baserte på kopar, bly, krom eller nikkel, skal ikkje nyttast.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse stoffa ikkje vert nytta.

- f) **Klorfenol:** konsentrasjonen av klorfenol (salt og esterar av det) må ikkje overstige 0,1 ppm, bortsett frå mono- og diklorerte fenol (salt og esterar av det), som ikkje må overstige 1 ppm.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter følgjande prøvingsmetode: oppmaling av ei prøve på 5 g, ekstraksjon av klorfenol eller natriumsalt. Analyse ved hjelp av gasskromatografi (GC), påvising ved hjelp av massespektrometri eller elektroninnfangingsdetektor.

- g) **Butadien:** konsentrasjonen av butadien må ikkje overstige 1 ppm.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter følgjande prøvingsmetode: oppmaling og veging av prøva. Prøvetaking ved hjelp av «headspace»-prøvetakar. Analyse ved hjelp av gasskromatografi, påvising ved hjelp av flammeionisasjonsdetektor.

- h) **Nitrosamin:** konsentrasjonen av N-nitrosamin må ikkje overstige 0,001 mg/m³ ved prøving i prøvingskammer.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utford etter følgjande prøvingsmetode: prøving i prøvingskammer (under dei same tilhøva som i kriterium 1 bokstav b) med metoden *Hauptverband der gewerblichen Berufsgenossenschaften* ZH 1/120.23 for prøvetaking og analyse av luft.

⁽¹⁾ TEF L 133 av 18.5.2002, s. 29.

2. **Polyuretanskum**

NB: Dei følgjande kriteria treng berre vere stetta dersom polyuretanskum utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

- a) **Tungmetall som kan ekstraherast:** polyuretanskum skal stette dei krava til lateksskum som er fastsette i kriterium 1 bokstav a).

Vurdering og kontroll: Som i kriterium 1 bokstav a).

- b) **Formaldehyd:** polyuretanskum skal stette dei krava til lateksskum som er fastsette i kriterium 1 bokstav b).

Vurdering og kontroll: Som i kriterium 1 bokstav b).

- c) **Flyktige organiske sambindingar (VOC):** polyuretanskum skal stette dei krava til lateksskum som er fastsette i kriterium 1 bokstav c).

Vurdering og kontroll: Som i kriterium 1 bokstav c).

- d) **Fargestoff, pigment og flammehemmende middel:** polyuretanskum skal stette dei krava til lateksskum som er fastsette i kriterium 1 bokstav d).

Vurdering og kontroll: Som i kriterium 1 bokstav d).

- e) **Metallkompleksfargestoff:** polyuretanskum skal stette dei krava til lateksskum som er fastsette i kriterium 1 bokstav e).

Vurdering og kontroll: Som i kriterium 1 bokstav e).

- f) **Organisk tinn:** tinn i organisk form (tinn som er bunde til eit karbonatom) skal ikkje nyttast.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette stoffet ikkje er nytta. Prøving er ikkje påkravd. Dersom prøving likevel skal gjennomførast (t.d. med sikte på kontroll eller overvaking), må følgjande prøvingsmetode nyttast: alle metodar som spesifikt måler ei organisk tinnsambinding utan å måle førekomsten av uorganiske tinnsambindingar som t.d. tinnoktoat.

- g) **Ekspanjonsmiddel:** CFC, HCFC, HFC eller diklormetan skal ikkje nyttast som ekspansjonsmiddel eller hjelpe-ekspanjonsmiddel. Det er likevel tillate å nytte diklormetan som hjelpe-ekspanjonsmiddel saman med bruk av flammehemmende middel i pulverform.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse ekspansjonsmidla ikkje er nytta. Dersom diklormetan er nytta, skal søkjaren leggje fram ei fråsegn om at dette berre er skjedd saman med bruk av flammehemmende middel i pulverform, og leggje fram nærmare opplysningar om dette.

3. **Metalltråd og fjører**

- a) **Avfetting:** Dersom organiske løysemiddel vert nytta til avfetting og/eller reinsing av metalltråd og/eller fjører, må det nyttast eit lukka reinsings-/avfettingssystem.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei høveleg fråsegn.

- b) **Galvanisering:** overflata til fjørene må ikkje vere galvaniserte.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei høveleg fråsegn.

4. **Kokosfibrar**

NB: Det følgjande kriteriet treng berre vere stetta dersom kokosfibrar utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

Dersom kokosfibrermaterialet er gummiert, skal det stette dei kriteria som gjeld for lateksskum.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at gummierte kokosfibrar ikkje er nytta, eller leggje fram dei prøvingsrapportane som er nemnde ovanfor i kriteriet for lateksskum.

5. **Tremateriale**

- a) **Sponplater:** formaldehydinnhaldet i dei sponplatene som vert nytta, skal ikkje overstige 50 % av den grenseverdien som gjeld for kvalitetsklasse 1, slik det er definert i standarden EN 312-1.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at sponplater ikkje er nytta, eller leggje fram dei prøvingsrapportane som er nemnde i standarden EN 312-1.

- b) **Fiberplater:** formaldehydinnhaldet i dei fiberplatene som vert nytta, skal ikkje overstige 50 % av den grenseverdien som gjeld for kvalitetsklasse A, slik det er definert i standarden EN 622-1.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at fiberplater ikkje er nytta, eller leggje fram dei prøvingsrapportane som er nemnde i standarden EN 622-1.

6. **Tekstilar (fibrar og stoff)**

Alle tekstilfibrar og stoff (bortsett frå garn til sying) skal stette alle dei relevante kriteria som er fastsette i vedtak 2002/371/EF (der det er fastsett miljøkriterium for tekstilprodukt).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram utførleg dokumentasjon som viser at fibrane og stoffa er vortne tildelte miljømerket, eller leggje fram den utførlege dokumentasjonen (prøvingsrapportar, fråsegnar, osv.) som er fastsett i vedtak 2002/371/EF, og som krevst for at fibrar og stoff skal få tildelt fellesskapsmiljømerket.

7. **Lim**

- a) **Flyktige organiske sambindingar (VOC):** alt lim som vert nytta, må innehalde mindre enn 10 vektprosent flyktige organiske sambindingar (VOC). Dette kriteriet gjeld ikkje for lim som vert nytta til tilfeldige reparasjonar. I denne samanhengen tyder VOC alle organiske sambindingar som har eit damptrykk på minst 0,01 kPa ved 293,15 K eller ei tilsvarande fordampingsevne under dei særskilde brukstilhøva.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at limet stettar dette kravet, saman med utfyllande dokumentasjon.

- b) **Benzen og klorbenzen:** Alt lim som vert nytta, må vere fritt for benzen og klorbenzen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at limet stettar dette kravet, saman med utfyllande dokumentasjon.

8. **Levetid**

- a) **Høgdetap:** Høgdetapet må vere mindre enn 20 mm.

- b) **Fastleikstap:** Fastleikstapet (Hs) må vere mindre enn 20 %.

Vurdering og kontroll (for både bokstav a) og b): Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport der prøvinga er utført etter prøvingsmetoden EN 1957. Tapet av høgd og fastleik svarar til skilnaden mellom dei innleiande målingane (etter 100 syklusar) og målingane etter motstandsstyrkeprøva (etter 30 000 syklusar).

9. **Opplysningar på emballasjen**

Emballasjen skal vere påført følgjande tekst (eller tilsvarande):

«Fleire opplysningar om kvifor dette produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, er å finne på nettstaden <http://europa.eu.int/ecolabel>»

«Kontakt dei lokale styresmaktene om korleis gamle madrassar best mogleg kan disponerast.»

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei prøve på emballasjen til produktet og dei opplysningane som følgjer med, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.

10. **Opplysningar på miljømerket**

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

«Restriksjonar på bruk av skadelege stoff

Godkjend levetid»

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei prøve på emballasjen til produktet som òg syner etiketten, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.
